



Norges Vassdrags- og energidirektorat
Region Vest
Postboks 53
6801 FØRDE

200803546-23

Dykkar ref.: Vår ref.: 11/309-5

Arkivkode: K2-S10

Dato: 02.09.2011

ESPELANDSELVI KRAFTVERK - HØYRINGSUTTALE

Det vert med dette meddelt Dykk at det er gjort følgjande vedtak i saka:

23.08.2011 Formannskapet**FS-058/11 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke:

Ein rår til at det vert gjeve løyve til utbygging av Espelandselvi Kraftverk slik det er skissert i konsesjonssøknaden sitt punkt 2.7 *Alternative utbyggingsløsninger* Omsøkt alternativ med mesteparten av vannveien i fjell.

Med helsing

Thomas Sjøflot
Landbruk- og miljøsjef
Direkte innval: 56524018

Granvin herad
Sakspapir

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Formannskapet	23.08.2011	058/11	THS

Sakshandsamar:	Arkivkode:	Arkivsaknr:
Thomas Sjøflot	K2-S10	11/309

Espelandselvi Kraftverk - høyringsuttale

Vedtaksmynde: Granvin herad Formannskapet

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	22.05.2011	Statens vegvesen	Statens vegvesen sin uttale til søknad om løyve til bygging - Espelandselvi kraftverk - Granvin herad - Småkraft AS - Høyring
2	I	16.06.2011	Arne Eriksen og Liv Paula Halvorsen	Fråsegn - Søknad om løyve til bygging av Espelandselvi kraftverk i Granvin herad, Hordaland - høyring
3	I	24.06.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Fråsegn til søknad frå Småkraft AS om konsesjon for bygging av Espelandselvi kraftverk i Granvin herad

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.: Vassressursloven

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL TILRÅDING/VEDTAK:

Ein rår til at det vert gjeve løyve til utbygging av Espelandselvi Kraftverk slik det er skissert i konsesjonssøknaden sitt punkt 2.7 *Alternative utbyggingsløsninger* Omsøkt alternativ med mesteparten av vannveien i fjell.

23.08.2011 Formannskapet

FS-058/11 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke:

Ein rår til at det vert gjeve løyve til utbygging av Espelandselvi Kraftverk slik det er skissert i konsesjonssøknaden sitt punkt 2.7 *Alternative utbyggingsløsningar* Omsøkt alternativ med mesteparten av vannveien i fjell.

FAKTA:

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke ein søknad frå Espelandselvi Kraftlag om løyve til å byggje Espelandselvi kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg. Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 8 og energilova.

Grunngjeving for tiltaket er å nytte naturressursane i elva til kraftproduksjon for å gje inntekter til grunneigarar, tiltakshavar, heradet og staten.

Kraftverket er planlagt i Espelandselva som renn ut i Espelandsvatnet ved riksveg 572 mellom Ulvik og Granvin.

Espelandselvi Kraftverk skal nytte eit bruttofall på 257 meter mellom høgdekote 595 og 338 i Espelandselva. Planlagt hovudinntak skal ligge i Espelandselvi, ved kote 592, ca 200 meter oppstrøms samanløpet med bekken frå Hestastodene. Inntaksdammen vert ca 20 meter lang og 3 meter høg. Samla nedbørsfeltet på 8,6 km², og elva si middelvassføring er på 0,6 m³/s.

Tilførselsrøret skal gravast ned /overdekkast over ein strekning på ca 730 meter. Kraftstasjonen skal ligge oppsida av riksveg 572 på vestsida av elva og får eit areal på 80 m². Fram til bygningen må det lagast ca 50 meter veg. I konsesjonssøknaden er det rekna med ein 2,2 km lang permanent veg opp til inntaket. Kraftverket er planlagt med installert effekt inntil 2,5 MW og slukeevne 1,2 m³/s. Krafta skal førast ut 22 kV nett via ein ca 120 meter lang jordkabel. Produksjonen er rekna til 7,5 GWh/år.

I kommuneplanen sin arealdel for Granvin herad har området status som LNF-område, men heradet ynskjer og etablering av småkraftverk i mellom anna Espelandselva, område SK8.

VURDERING:

Når Granvin herad skal vurdere ein søknad om løyve til bygging av kraftverk er det særleg høve til kommuneplanen som skal vurderast. I tillegg skal kommunen vurdere tilhøvet mellom planen og dei lokale interessene som til dømes korleis ålmentas interesser vert rørt. Kommunen skal sende kopi av sin uttale til fylkesmannen.

Granvin herad sin samfunnsdel av kommuneplanen som vart vedteke i 2005 peiker på utnytting av vassdragsressursar i småkraftprosjekt som eit viktig satsingsområde: ... *Granvin herad meiner det er viktig å verna om hovudstrengen i (Granvins-)vassdraget slik at denne ikkje vert råka av slike (småkraftutbygging) tiltak. For sidevassdraga derimot er det ynskjeleg å opna opp og leggja til rette for utvikling i samsvar med nasjonale føringar.* ...

Som ei oppfølging av dette er småkraftutbygging sett opp som eit av 7 hovudsatsingsområde i Granvin herad sin næringsplan som vart vedteke i desember 2006. Utnytting av vassressursar til småkraftprosjekt vert sett på som ei viktig inntektskjelde som kan støtte opp under busetting og tradisjonell landbruksproduksjon. Utnytting av vassressursane i Espelandselva er difor i tråd med ei ynskt utvikling i kommunen.

Slik ein kan lese konsesjonssøknaden er dei negative konsekvensane av tiltaket relativt små for biologisk mangfald, fisk og anna ferskvassfauna, kulturminne, landbruk og vasskvalitet. For landskapsverdiane er det vurdert som middels negativ konsekvens i anleggsfasen og middels til stor negativ konsekvens i driftsfasen.

Konklusjon:

Rådmannen kan ikkje sjå at det ligg føre viktige argument som talar i mot ei utnytting av vassressursane i Espelandselva til kraftproduksjon. Det er positivt at vassressursar til småkraftprosjekt vert utnytta av grunneigarane, og på denne måten støtter opp under busetting og tradisjonell landbruksproduksjon. Men av omsyn til landskapsverdiane meiner rådmannen at utbygging av Espelandselva bør skje slik det er skissert i konsesjonssøknaden sitt punkt 2.7 *Alternative utbyggingsløsningar* Omsøkt alternativ med mesteparten av vannveien i fjell.